Søknaden inneber ikkje endring av eksisterande arealplaner. Vi har ein kjøpar som ønskjer å overta denne parsellen og vedkomande må sjølv syte for turvande planlegging og godkjenning av arealbruken her.

Søknaden kan sjåast hjå kommunen på Herøy rådhus, 6099 Fosnavåg.
Moglege merknader må vere kommunen ihende innan 2 veker etter at dette varselet er sendt.


Med vennlig hilsen

Mariann Helde

Mariann Helde

Robert Helde

Robert Helde





193/1
37/408

F.v. 654

AREAL SOM ER TENKT
FRÅDELT GNR.37 BNR.8
I HERØY KOMMUNE.

HERØY KOMMUNE
17.09.2013 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet



Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested

1515 - 37/8

Adresse

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 31/7

Eier/Festers navn

IGESUND JARLEIF

Eiendomsadresse

Adresse

GJERDET 14

Postnr

Poststed

6092 FOSNAVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Denne del klistres på kvittering
RR 1922 6359 5 NO

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 31/93

Eier/Festers navn

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 31/93/0/1

Eier/Festers navn

LEINE THOMAS SLENES

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

6070 TJØRVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Denne del klistres på kvittering
RR 1922 6361 8 NO

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 31/93/0/2

Eier/Festers navn

LEINE JULIE SLENES

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

6392 VIKEBUKT

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Denne del klistres på kvittering
RR 1922 6362 1 NO

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 31/93/0/3

Eier/Festers navn

LEINE JULIE SLENES

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

6392 VIKEBUKT

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: 4

Plass for stempel og signatur

Sign.

JRMoe

124539	Dato: 30.9.13
--------	------------------

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested

1515 - 37/8

Adresse

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 31/136

Eier/Festers navn

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Eiendomsadresse

Adresse

Fylkeshuset, Julsundvegen 9

Postnr

Poststed

6412 MOLDE

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 31/136

Eier/Festers navn

STATENS VEGVESEN REGION MIDT

Eiendomsadresse

Adresse

Fylkeshuset

Postnr

Poststed

6404 MOLDE

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 31/170

Eier/Festers navn

WARHOLM TOR INGE

Eiendomsadresse

Adresse

GJERDET 10

Postnr

Poststed

6092 FOSNAVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Denne del klistres på kvittering
RR 1922 6360 4 NO

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 31/186

Eier/Festers navn

IGESUND JARLEIF

Eiendomsadresse

Adresse

GJERDET 14

Postnr

Poststed

6092 FOSNAVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 31/187

Eier/Festers navn

IGESUND JARLEIF

Eiendomsadresse

Adresse

GJERDET 14

Postnr

Poststed

6092 FOSNAVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: _____

Plass for stempel og signatur

Sign.

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested

1515 - 37/8

Adresse

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 37/290

Eier/Festers navn

MYKLEBUST RONALD SVEIN

Eiendomsadresse

Adresse

HJELMESETVEGEN 5

Postnr

Poststed

6092 FOSNAVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

1/10 Ronald Myklebust

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 37/417

Eier/Festers navn

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Eiendomsadresse

Adresse

Fylkeshuset, Julsundvegen 9

Postnr

Poststed

6412 MOLDE

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 37/417

Eier/Festers navn

STATENS VEGVESEN REGION MIDT

Eiendomsadresse

Adresse

Fylkeshuset

Postnr

Poststed

6404 MOLDE

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: _____

Plass for stempel og signatur

Sign.

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2013/1193

Arkivkode
37/8

Dato
22.10.2013

MARIANN OG ROBERT HELDE 37/8 DELING GRUNNEIGEDOM - UTTALE FRÅ ANLEGGS- OG DRIFTS-AVDELINGA

Anleggs- og driftsavdelinga har ikkje merknader til søknaden slik den føreligg.

Med helsing

Jon Rune Våge



Ukv.



Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2013/1193	Saksben. Jm
13 NOV. 2013	
Auf. kode P 37/8	
Auf. kode S	
	Dykkar nr. 4
Saksasjon	

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2013/125535-002

Dykkar referanse:
2013/1193

Vår dato:
07.11.2013

Fv. 654 - Herøy kommune - Gnr. 37 bnr. 8 - Frådeling av ein parsell til uendra bruk – Dispensasjon kommuneplanen - Uttale


Viser til brev av 21.10.2013 frå Herøy kommune.


Saka gjeld frådeling av om lag 10 daa til uendra bruk under gnr 37 bnr 8 i Herøy. I kommuneplanen sin arealdel er parsellen lagt ut til byggeområde for bustader med plankrav og LNF-føremål.

Som kjent vart spørsmålet om vegtilkomst til eigedomsparsellen det no vert søkt deling frå drøfta gjennom prosessen med reguleringsplanen for Hjelmeset II. I samband med motsegn vart trekt i høve til mangelfull drøfting og avklaring av forholdet til framtidig vegtilkomst til arealet vest for sjølve planområdet, skreiv vi i brev av 9.11.2012 til Herøy kommune:
«Vi har ikkje særlege innvendingar til opplegget kommunen har for regulering av tilkomst til det ubygde arealet vest for planområdet Hjelmeset II, under føresetnad av at vegtilknyttinga vert basert på ei løysing der det ikkje vert lagt opp til fleire offentlege avkøyringar/kryss frå fylkesvegen utover dagens situasjon. I det ligg at vegtilkomst til området t.d. ikkje skal baserast på utbetring/oppgradering og utvida bruk av eksisterande driftsavgjørslle til eigedomen gnr 37 bnr 8.»

Med det vi legg til grunn at framtidig vegtilkomst til omsøkte areal vert løyst slik vi peika på og føreset i brevet herifrå av 9.11.2012, har Statens vegvesen ikkje særlege innvendingar til det det vert dispensert frå plankravet i kommuneplanen med sikte på frådeling av arealet til uendra bruk.

Sjå elles § 27-4- i plan- og bygningslova når det gjeld tilkomst.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

for Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar


Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen,
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Dykkar ref:
2013/1193 UTV/HR

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/1193	Saksbeh. JMM
26 NOV. 2013	
Ark.kode P	37/8
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 5
Kassasjøn	

Vår ref:
AKL

Telefon: 70 08 4670
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dato:
25.11.2013

Uttale til søknad om frådelling av grunn til uendra bruk på gnr 37 bnr 8

Samandrag av saka:

Søknaden gjeld frådelling av 10 dekar med overflatedyrka jord og open jorddekt fastmark. Arealet har planstatus uregulert til bustadføreml og LNF. Søknaden treng ikkje vedtak etter jordlova § 9 då det ikkje er søkt om endra planstatus. Det betyr at areala som ligg i LNF området ikkje skal byggast på.

Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har eigedomen følgjande areal:

Samla areal på innmark er 18,8 dekar overflatedyrka jord og innmarksbeite. Anna areal utgjer 36,3 dekar. Totalt areal på eigedomen er 55,1 dekar.

Om lag 8 dekar dyrka mark står att i LNF området på eigedomen etter ei frådelling.

Saka er vurdert etter endringane i Jordlova og rundskriv frå LMD datert 01.07.2013.

§ 12 i jordlova – deling.


Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.


Vurdering og konklusjon:

Den delen av arealet som ligg i LNF området vert lite egna til føremålet viss det vert skilt ifrå resten av eigedomen. For å ta vare på arealressursane vil vi difor rå til at frådellinga vert avgrensa til om lag 7 dekar som er regulert til framtidig bustadføreml.

Med helsing


Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Vedlegg: Gardskart for 37/8 med påteikning.



0 20 40 60m

Målestokk 1 : 2000 ved A4 utskrift
Utskriftsdato: 25.11.2013

GÅRDSKART 1515-37/8
Tilknyttede grunneiendommer:
37/8



Markslag (AR5) 13 klasser		AREALTALL (DEKAR)	
TEGNFORKLARING			
	Fulldyrka jord	0,0	
	Overflatedyrka jord	18,2	
	Innmarksbeite	0,6	18,8
	Skog av særst høg bonitet	0,0	
	Skog av høg bonitet	0,0	
	Skog av middels bonitet	0,0	
	Skog av lav bonitet	0,0	
	Uproduktiv skog	2,7	2,7
	Myr	0,0	
	Åpen jorddekt fastmark	8,7	
	Åpen grunnlendt fastmark	24,0	32,7
	Bebyggt, samf, vann, bre	0,9	
	Ikke klassifisert	0,0	0,9
Sum:		55,1	55,1

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom.

I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse.

Arealstatistikken viser arealer i dekar av de ulike arealklassene for eiendommen.

Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser på flyfoto
— Eiendomsgrenser



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2013/1168
		Arkiv:	20/9

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
129/13	Maritim og teknisk komite	10.12.2013

OVE HENNING FRØYSTAD 20/9 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV BUSTADTOMT.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL § 19-2 at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådeling av ei bustadtomt på om lag 1,5 da frå gnr. 20 bnr. 9 på Frøystad i Herøy.

Avslaget på dispensasjonssøknaden er grunngeve med omsynet til kulturlandskapet, risiko for framtidige drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området og dårlege/usikre resipientforhold.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg
Ove Henning Frøystad, 6095 Bølandet

Frank Robert Frøystad, Solbergvegen 1, 6095 Bølandet

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad frå Ove Henning Frøystad, datert 24.09.2013.

Kopi av delesøknad frå Ove Henning Frøystad, datert 24.09.2013.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 12.11.2013.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 14.11.2013.

Kopi av uttale frå Statens Vegvesen, datert 22.10.2013.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 22.11.2013.

Kopi av uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga, datert 24.10.2013

Utsnitt av ortofoto i M 1:1500 som viser omsøkt frådeling.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:

BAKGRUNN:

Ove Henning Frøystad har med utfylt søknadsskjema, datert 24.09.2013, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på å dele frå ei bustadtomt frå gnr. 20 bnr. 9 på Frøystad i Herøy. Vedlagt følgjer også utfylt søknad om deling av grunneigedom av same dato. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 02.10.2013. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROESSEN:

Det omsøkte arealet er på om lag 1,5 da og ligg om lag rett sør for krysset mellom FV 654 og FV 16 på Frøystad. Tilkomsten til bustadtomta vil gå via privat veg med tilknytning til FV 16. Som grunngeving peikar søkjar på at han ser det som positivt at sonen med familie kan få høve til å busetje seg på garden.

Basert på opplysningar frå Landbrukskontoret har bruket eit totalareal på 109,1 da. Samla innmarksareal er på 30,8 da, der 29,3 da av dette er fulldyrka og resten er innmarksbeite. Skogarealet er på 16,2 da og anna areal utgjør 62,1 da.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Statens Vegvesen
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 12.11.2013

Fylkesmannen viser til at den omsøkte tomta ligg i eit jordbrukslandskap. Sjølv om tomta vert liggande på udyrka jord vil den likevel kunne bidra til «fragmentering» og skape press om vidare utbygging i jordbrukslandskapet. Fylkesmannen rår frå at ein på denne måten nyttar jordbrukslandskapet til byggeformål. Nye bustader utan tilknytning til gardsdrift bør etter Fylkesmannen sitt syn lokaliserast til område som er sett av til busetjing i godkjende planar.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 14.11.2013

Fylkeskommunen viser innleiingsvis til at tomte ligg i eit område prega av tradisjonelt kulturlandskap, men at den ligg i utkanten og vert lite dominerande i miljøet. Det vert imidlertid peika på at evt. kulturminne frå bruk av kulturlandskapet i området bør så langt mogleg takast vare på sjølv om tomte vert utbygt.

Når det gjeld dei planfaglege vurderingane viser Fylkeskommunen til at kommunen er i ferd med å slutføre framlegg til ny arealplan og at det no er på tide å avvente slike einskildsaker som her omsøkt til dei store linene er avklara gjennom kommuneplanarbeidet.

Sjølv om denne konkrete saka ikkje er spesielt problematisk så meiner Fylkeskommunen at ein må vurdere den med basis i summen av tiltak. Med utgangspunkt i ei slik vinkling er det Fylkeskommunen sitt syn at Herøy kommune no har eit omfang av dispensasjonssaker som er så pass stort at det kan true «nasjonale og regionale interesser» i arealplanlegginga.

Uttale frå Statens Vegvesen av 22.10.2013

I høve til arealbruken har ikkje Statens Vegvesen merknader til at det vert dispensert frå kommuneplanen som omsøkt, men det vert presisert at utvida bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen må vurderast og avklarast på grunnlag av eigen søknad.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 22.11.2013

I uttalen frå Landbrukskontoret vert det vist til at eigedomen i dag har både våningshus og kårhus. Ut over dette er det også frådelt 2 tomter som «fragmenterar» eigedomen. Ei av desse sistnemnde tomtene er bebygt, den andre er ubebygt.

Etter landbrukskontoret sitt syn talar omsynet til så vel kulturlandskapet som landbruksdrifta imot at det vert gjeve løyve til ytterlegare frådelingar i området. Med ei lokalisering på Frøystad kan heller ikkje spørsmålet knytta til evt. behov for å styrke busetjinga tilleggast vekt. Landbrukskontoret frårår dispensasjon med tilvising til at det ikkje ligg føre overvekt av argument som talar for å tilrå søknaden.

Reint formelt opplyser Landbrukskontoret at søknaden ikkje treng vedtak etter jordlova § 9, men berre etter jordlova § 12. Det har vidare vore spørsmål om ein vegrett som gnr. 20 bnr. 7 har over eigedomen. Søkjar har opplyst at det ikkje vil by på noko problem å ivareta denne vegretten.

Uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga av 24.10.2013

Anleggs- og driftsavdelinga uttalar at den aktuelle tomte ligg i eit område med dårlege resipientforhold der det pr. dato ikkje er tilrådeleg å tilføre meir kloakkvatn. Avdelinga vil på dette grunnlag frårår etablering av nye bustader i området før det ligg føre ein plan på korleis avløpsproblematikken er tenkt løyst.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte arealet ligg om lag rett sør for krysset mellom FV 654 og FV 16 på Frøystad. Tilkomsten til bustadtomba vil gå via privat veg med tilknytning til FV 16. Tiltaket ligg elles i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål og ei frådelling vil såleis vere avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. I tillegg til dette må det vidare gjevast samtykke til frådelling etter jordlova § 12. Evt. vedtak i medhald av § 9 i jordlova vil i følgje Landbrukskontoret ikkje vere naudsynt.

4 av dei 5 uttaleorgana er negative til dispensasjonssøknaden. Frå Fylkesmannen og Landbrukskontoret vert dette i hovudsak grunngjeve ut frå omsynet til kulturlandskapet og risiko for framtidige drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området medan Fylkeskommunen sine innvendingar er av meir prinsipiell karakter.

Uttalen frå Anleggs- og driftsavdelinga indikerar at det må stillast spørsmål omkring resipientkapasiteten i området og om tiltaket såleis vil kunne utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova.

Med tilvising til uttalen frå Fylkeskommunen vil ein frå kommunen si side stadfeste at ein sjølv sagt er innforstått med at prinsipielle forhold knytta til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging samt omsynet til moglege presedensverknader av vedtak må tillegkast vekt, men finn likevel å måtte understreke at kvar søknad har krav på ei konkret vurdering. At kommuneplanen er under rulling og at kommunen samla sett har «for mange» dispensasjonssaker kan ikkje åleine nyttast som avgjerande argument mot ein einskildsøknad.

Når det er sagt vil imidlertid rådmannen konkludere med at innspela frå høyringsorgana samla sett av eit slikt omfang at det ligg føre ei overvekt av argument som talar mot å gi dispensasjon.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa uansett utfall av saka.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 25.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

20

Bnr.

9

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

FRÅDELING AV BUSTAD TOMT OG VEI

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

DISPENSASJON FRÅ AREALFORMÅLET I KOMMUNEPLANEN, JFR
PBL § 19-2

Grunngjeving:

Vi ser det som verdifullt, at sønnen vår med familie vil
busegge seg på garden..

Varsling av naboar/gjenbuarar vedlegg nr.: _____

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.: _____

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.: _____

Namn OVE HENNING FRØYSTAD

Adresse BOLANDET

Postnr. 6095

Postadr. _____

Telefon 70087340

Mobiltlf. 90053875

Dato: 24.09.2013

Ove Henning Frøystad
signatur

Skriv ut

Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG

Plass for kommunen sitt stempel

HERØY KOMMUNE
RADJANNE
2013/1168
27.5.2013
20/9
1

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§93)
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §96 pbl.
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar)
20	9			OVE HENNING FRØYSTAD
				Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
				Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
				Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

3a. Søknaden gjeld:

- Sakstype I og II (PBL§93)**
- Deling og oppmålingsforretning av:
- Ny grunneigedom
 - Anleggseigedom
 - Anna: (spesifiser) _____
- Arealoverføring (hugs skjema: *Erklæring om arealoverføring.*)
- Oppretting av festetomt
- Oppretting av punkt feste
- Anna: (spesifiser) _____
- Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)

3b. Rekvisisjonen gjeld:

- Sakstype III (Matrikellova)**
- Grensejustering (matrikelforskr. § 34)
- Klarlegging av eksisterande grenser (matrikelforskr. § 36)
- Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikelforskr. §31)
- Registering av uregistrert jordsameige (matrikelforskr. § 32)
- Uteareal til eigarseksjon (jf Eigarseksjon § 7, matrikelforskr. § 35)
- Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvtendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.
1	1,5	m ² BUSTAD	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
2		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
3		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
4		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
5		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
6		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.

5. Arealdisponering

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan(område/detalj) Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell _____ Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell _____

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf. pbl § 68.

Ja Nei (Viss nei, må kompenserande tiltak forklarast i eige vedlegg.)

7. Avstandar

Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrslø eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrslø frå offentleg veg (avkøyrslø og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø

Er løyve til avkøyrslø gitt? Ja Nei

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggst ved.

9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 65 og 66

Offentleg vassverk: Ja Nei

Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei

Privat vassverk: Ja Nei

Privat avløpsanlegg: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggst ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggst ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring _____ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

Kart/situasjonsplan _____ Fråsegn, samtykkje, løyve

Gjenpart av nabovarsel Private bruksrettar (servituttar)

Dispensasjonssøknad _____ Andre vedlegg:

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

11. Andre opplysningar

12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato _____ Rekvisenten sitt namn (med blokkbokstavar)

Rekvirenten si underskrift

24.09-2013 OVE HENNING FRØYSTAD

Adresse 6095 BØLANDET

Postnr/stad

E-postadresse

Telefon 70087340/mob 90053875

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fyllt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)


Dato _____ Betalar sitt namn med blokkbokstavar

Betalar si underskrift

24.09-2013 FRANK ROBERT FRØYSTAD

Postnr/stad


Solbergvegen 1
6095 BØLANDET



HERØY KOMMUNE

24.09.2013 1:1000

Det kan forekomme feil i kartet



28/20

20

20

17



Ⓜ Utevik

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato
12.11.2013
Dykkar dato
02.10.2013

Vår ref.
2013/6565/ASBU/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/1168	Saksbeh. HK
14 NOV. 2013	
Ark.kode P 20/9	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 6
Kassasjon	

Herøy kommune. Frådeling av bustadtomt gnr20 bnr9 - Ole Henning Frøystad. Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Landbruksinteresser

Planformålet er LNF, og omsøkte tomt ligg i eit jordbrukslandskap. Tomta ligg ikkje på dyrka jord, men den vil likevel bidra til fragmentering og kunne skape press om vidare utbygging i jordbrukslandskapet. Slik fragmentering medfører også risiko for framtidige drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrifta i framtida. Det ligg allereie ei fråskilt tomt like vest frå den som er omsøkt, slik at det frå før er «tatt hol på» jordbrukslandskapet med andre etableringar enn dei som høyrer landbruket til. Fylkesmannen rår til at ein ikkje bruker jordbrukslandskapet til byggjeføremål, men konsentrerer nye bustader som ikkje har tilknytning til gardsdrift til områder som er sett av til busetjing i godkjende planar.

Konklusjon

Fylkesmannen rår ut i frå landbruksinteressene i frå søknaden.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
seksjonssjef

Astrid Buset

Fagsaksbehandlarar

Landbruk: Kari Bjørnøy, tlf. 71 25 81 22

Kopi:

Søre Sunnmøre landbrukskontor
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/1168	Saksbeh. HR
21 NOV. 2013	
Ark.kode P 20/9	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 6
Kassasjon	



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/1168	02.10.2013	59540/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	14.11.2013

Herøy kommune - frådelling av bustadtomt gbnr 20/9 - Ove Henning Frøystad - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Kulturminne frå nyare tid

Området kring tomte er prega av tradisjonelt kulturlandskap. Tomte er tenkt i utkanten og vert lite dominerande i miljøet. I området kan det vere steingardar, brønn og andre kulturminne frå bruk av kulturlandskapet som bør bli bevart sjølv om tomte vert utbygd. Dersom det ikkje er mogleg ber vi om at slikt vert registrert før det vert fjerna. Slike spor er av interesse for å gje eit mest mogleg heilskapleg bilete av korleis ressursane vart nytta og korleis folk levde her tidlegare.

Planfagleg vurdering

Det har den siste tida blitt klart at det frå nasjonalt hald skal fokuserast meir på samordna bustad- areal- og transportplanlegging. Herøy kommune er i ferd med å slutføre framlegg til ny arealplan, og skal gjennom dette arbeidet definere korleis kommunen vil forhalde seg til, og evt. gjennomføre, nasjonal og regional politikk. Vi meiner det no er på tide å avvente slike einskildsaker til dei store linjene er avklara gjennom kommuneplanarbeidet. Sjølv om dette einskilde tiltaket ikkje i seg sjølv sett nasjonal og regionalt viktig politikk *vesentleg* til sides, må ein sjå på summen av tiltak. Herøy kommune har eit omfang av dispensasjonssaker som er so pass stort at det i seg sjølv kan true nasjonale og regionale interesser i arealplanlegging.

Konklusjon

Vi rår i frå søknad om dispensasjon ut i frå faglege merknader ovanfor.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/1168	Saksbeh. HK
23 OKT. 2013	
Ark.kode P 20/9	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 5
Kassasjon	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2013/021938-004

Dykkar referanse:
2013/1168

Vår dato:
22.10.2013

Herøy kommune - Gnr. 20 bnr. 9 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådelling av bustadtomt - Ove Frøystad - Uttale

Viser til skriv av 2.10.2013 frå Herøy kommune.

Saka gjeld uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel med sikte på frådelling av bustadtomt frå gnr 20 bnr 9 i Herøy.

Frå Statens vegvesen si side har vi i høve til arealbruken ikkje merknader til at det vert dispensert frå kommuneplanen som omsøkt.

For ordens skuld presiserer vi at avkøyrsløse frå fylkesvegen må vurderast og avklarast av Vegvesenet på grunnlag av eigen søknad.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Gitte Biersman
for Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Telefon: 70 08 4670
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:
2013/1168 UTV/HR

Vår ref:
AKL

Dato:
22.11.2013

Uttale til søknad frå Ove Henning Frøystad på gnr 20 bnr 9 i Herøy om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådelling av bustadtomt

Samandrag av saka:

Søknaden gjeld frådelling av 1,5 dekar med skog av middels bonitet til bustadføremål. Søknad treng ikkje vedtak etter jordlova §9, men berre vedtak etter jordlova §12.

Underteikna hadde synfaring på eigedomen den 22.10. saman med sonen til søkjaren Frank Robert Frøystad. Det var viktig å sjå korleis ei frådelling ville verke inn på kulturlandskapet og vegretten til Ole-Bjørn Frøystad. Frank Robert Frøystad var opptatt av at frådellinga ikkje påverke vegretten negativt.

Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har eigedomen følgjande areal:

Samla areal på innmark er 30,8 dekar der 29,3 dekar er fulldyrka jord, resten er innmarksbeite. Skogarealet utgjer 16,2 dekar og anna areal 62,1 dekar. Totalt areal på eigedomen er 109,1 dekar.

Saka er vurdert etter endringane i Jordlova og rundskriv frå LMD datert 01.07.2013.

§ 12 i jordlova – deling.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Eigedomen har både våningshus og kårhus. Det er og skilt frå to tomter som fragmenterar eigedomen. Den eine tomta har hus og den andre er ubebygd.

Vurdering og konklusjon:


Ei frådelling vil i denne saka føre til ei ytterligere fragmentering av kulturlandskapet. Eit hus på frådelt areal vert liggande nær den dyrka marka på naboeigedomen i aust. Vi meiner at omsynet til kulturlandskapet og landbruksdrifta i området talar imot ei frådelling.

Søkjaren skriv i dispensasjonssøknaden at dei ser det som verdfullt at sonen vil busette seg på garden. Sjølv om frådelinga skal vere hustomt for sonen vil den og vere ein fritt omsetteleg eigedom som ikkje lenger er knytt til eigedomen.

Omsynet til busetting kan ikkje tilleggast vekt i saka da Frøystad og Frøystadvågen ikkje er del av kommunen som er truga av fråflytting.

Vi rår ifrå frådeling som omsøkt då det ligg ikkje føre overvekt av argument for å tilrå søknaden.

Med helsing



Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Vedlegg: Del av gardskart for 20/9



Målestokk 1 : 1000 ved A4 utskrift
 Utskriftsdato: 21.10.2013

GÅRDSKART 1515-20/9
 Tilknyttede grunneiendommer:
 20/9



Markslog (AR5) 13 klasser
TEGNFORKLARING

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Skog av særs høg bonitet
	Skog av høg bonitet
	Skog av middels bonitet
	Skog av lav bonitet
	Uproduktiv skog
	Myr
	Åpen jorddekt fastmark
	Åpen grunnlendt fastmark
	Bebyggd, samf, vann, bre
	Ikke klassifisert
Sum:	

AREALTALL (DEKAR)	
	29,3
	0,0
	1,5
	30,8
	0,0
	0,0
	7,0
	0,0
	9,2
	16,2
	15,9
	31,9
	13,4
	61,2
	0,9
	0,0
	0,9
Sum:	109,1
	109,1

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom.

I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenning.

Arealstatistikken viser arealer i dekar av de ulike arealklassene for eiendommen.

Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

- Arealressursgrenser på flyfoto
- Eiendomsgrenser



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2013/1168

Arkivkode
20/9


Dato
24.10.2013

OVE HENNING FRØYSTAD, UTTALE TIL SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV EI BUSTADTOMT FRÅ GNR.20 BNR.9 PÅ FRØYSTAD.

I samband med ovanstående søknad vil Anleggs- og driftsavdelinga gi følgjande uttale:


Bustadtomta som det er søkt om å dele frå på gnr.20 bnr.9 ligg i eit område med ein dårleg resipient (elv) som det ikkje er tilrådelig å tilføre meir kloakkvatn. Med bakgrunn i dette, finn Anleggs- og driftsavdeling ikkje å kunne tilrå etablering av nye bustadar i dette området, før der føreligger ein plan på korleis avlaupsproblematikken er tenkt løyst.

Med helsing


Jon Rune Våge


Fred Arnesen





FV 16

FV 684

OMSØKT
TOMT



TILRØNST

HERØY KOMMUNE
 02.10.2013 1:1500
 Det kan forekomme feil i kartet

LOKALISERING AV TILTAKET





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2013/108
		Arkiv:	24/23

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
130/13	Maritim og teknisk komite	10.12.2013

RITA VEA VOLDSUND 24/23 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV BUSTADTOMT.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet og arealformålet i kommuneplanen og frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av ei bustadtomt på om lag 1000 m² frå gnr. 24 bnr. 23 på Nærøya i Herøy. Det er eit vilkår for dispensasjonen at tiltaket ikkje inneber inngrep i eksisterande strandline langs Straumane med unntak av ei mindre utfylling i indre del av bukta i nordaustre del av den omsøkte tomta.

Dispensasjonen er grunngjeven med at tiltaket ikkje vil innebere noko endring når det gjeld ålmenta si tilgjenge til strandsona i det aktuelle området og at det reint visuelt ikkje vil medføre noko inngrep i strandsona. Tiltaket vil heller ikkje hindre/ redusere straumgjennomgangen og vil såleis ikkje representere nokon fare for botnvegetasjonen i Straumane.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Bucci Arkitektur & Design AS, Postboks 21, 6067 Ulsteinvik

Rita Vea Voldsund, Skjeneholen 16, 4313 Sandnes

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad og delesøknad m/relevante vedlegg, begge journalført 08.08.2013.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 18.10.2013.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 17.10.2013 og 22.11.2013.

Kopi av uttale frå Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, datert 02.10.2013.

Kopi av e-post frå Otto Voldsund, datert 25.11.2013.

Utsnitt av ortofoto i M 1:1000 som viser omsøkt frådeling.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Rita Vea Voldsund har søkt om rammeløyve for oppføring av bustadhus på del av gnr. 24 bnr. 23 på Nærøya. Dispensasjonssøknad frå plankravet i kommuneplanen og frå dele-/byggeforbodet i strandsona samt frådelingssøknad for del av gnr. 24 bnr. 23 inngår som del av søknaden. Rammeløyvesøknaden er datert 06.08.2013.

Gnr. 24 bnr. 23 er på om lag 2,4 da og utgjør tomte til eit eldre bustadhus. Det er ønske om å dele frå om lag 1000 m² som tomt til det nye planlagde bustadhuset og det er lagt opp til at den nye tomte skal ha tilkomst frå kommunevegen i fellesskap med gamlehuset.

Søknaden vart sendt på høyring med brev av 02.09.2013. Ein har motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar. I uttalen frå Fylkeskommunen vart det imidlertid vist til at endeleg vedtak ikkje kunne gjerast før det var gjennomført arkeologiske registreringar i området. Nemnde registreringar er no utført og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROESSEN:

Tiltakshavar opplyser at det er hans ønske å bygge nytt hus på ein frådelt del av gnr. 24 bnr. 23 og at siktemålet elles er at resttomte saman med gamlehuset skal overdragast/seljast til andre. Det vert teke sikte på å føre opp eit lite og arealeffektivt hus slik at det aller meste av dagens strandline vert liggande urørt.

Den avgrensa utfyllinga omfattar ifølgje tiltakshavar indre del av ei relativt utilgjengeleg bukt som alltid har fungert som «oppsamlingsområde» for avfall. Det vert i denne samanheng mellom anna vist til oljeutslippet frå Arisan i 1992, der store mengder tungolje samla seg nettopp i denne bukta. Over ytre del av den nemnde bukta er det forutsett bygt treplattung utan oppfylling.

Ut over dette opplyser tiltakshavar at den aktuelle eigedomen (gnr. 24 bnr. 23) sidan 1953 har framstått med hage heilt ned til sjøen og at eit nytt bygg såleis ikkje vil føre til noko ytterlegare privatisering av området. Som vidare grunngeving for tiltaket vert det vist til at:

- dette er eitt av dei siste attverande tomteareala i området.
- tiltaket inneber ei fortetting i eit eksisterande bustadområde.
- avstand til sjøline er tilsvarande som for andre prosjekt i området.
- tiltaket vil ikkje innebere nye avkøyrslar frå offentleg veg.
- tiltaket vil innebere ei betring av resipientforholda i området.

Det kan elles nemnast at tiltakshavar, med e-post av 25.11.2013, har gjeve eit del utfyllande grunngjevingar for saka. Kopi av nemnde e-post ligg ved. Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 18.10.2013

Reint generelt viser Fylkesmannen til at tiltaket vil vere i strid både med kommuneplanen og strandsonevernet. Fylkesmannen legg elles til grunn at deler av det nye bustadhuset vert plassert på fylling i sjøen.

Grunne sjøområde med undervassenger og tidevasstraumar, som mellom anna Straumane representerar, har ein viktig marinbiologisk funksjon og denne naturtypen er det såleis viktig å ivareta. Fylkesmannen understrekar for øvrig at det må gå klart fram av saksutgreiinga korleis prinsippa i naturmangfaldslova er vektlagt og teke omsyn til.

Fylkesmannen viser vidare til dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen og at byggeforbodet i strandsona i utgangspunktet skal handhevast strengt. Der det likevel er aktuelt med utbygging, bør dette skje med basis i plan og ikkje gjennom enkeltvise dispensasjonar.

På Nærøya er det lite tilgjengeleg strandsonereale i tilknytning til det etablerte bustadfeltet og Fylkesmannen meiner difor at det kviler eit ekstra ansvar på kommunen når det gjeld å sikre tilgjengeleg strandareal for ålmenta. Fylkesmannen konkluderar med å frårå søknaden og varslar forøvrig at han vil vurdere å påklage eit evt. positivt vedtak i saka.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 17.10.2013 og 22.11.2013

Fylkeskommunen viser innleiingsvis til at det er funne fleire automatisk freda kulturminne i nærområdet til det omsøkte tiltaket og at det ikkje kan gjerast endeleg vedtak i saka før det er gjennomført ei arkeologisk registrering og området evt. er frigjeve etter kulturminnelova. Med e-post av 22.11.2013 har no Fylkeskommunen opplyst av registreringa er gjennomført og at dei ikkje har merknader til frådelinga i høve til kulturminne.

Når det gjeld den planfaglege vurderinga viser også Fylkeskommunen til dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen og at tiltaket vil føre til ei ytterlegare privatisering av det aktuelle området. Fylkeskommunen har vidare oppfatta situasjonen slik at det er tilgjengeleg og

byggeklart areal i nærområdet og ber om nærare klargjering av behovet for å nytte denne delen av strandsona til byggeareal.

Fylkeskommunen understrekar at bruk av strandsona må avklarast gjennom kommuneplanen og at eit tiltak som dette vil setje omsynet bak byggeforbodet i strandsona vesentleg til sides. Det vert, uavhengig av resultatet av den arkeologiske registreringa, konkludert med å frårå dispensasjon og Fylkeskommunen varslar på same måte som Fylkesmannen at dei vil vurdere å påklage eit evt. positivt vedtak i saka.

Uttale frå Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga av 25.10.2013

Anleggs- og driftsavdelinga innleiar sin uttale med å seie at felles tilkomst med eksisterande bustadhus på gnr. 24 bnr. 23 er ei god løysing. Avdelinga understrekar vidare at eigeiendomen må tilknytast kommunalt avløpssystem når det vert utbygt i området og at evt. utfyllingar i sjøen som følgje av tomtetilrettelegginga ikkje må redusere gjennomstrøyminga i Straumane. Ut over dette har ikkje avdelinga merknader til søknaden.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket er lokalisert ved Straumane på Nærøya, like sør for tidlegare hovudveg over Straumsstraumen. Den nye bustadeigeiendomen skal ha tilkomst frå kommunal veg (tidlegare hovudveg/RV 654) i fellesskap med eksisterande bustadeigeiendom. Når det gjeld avløp så er også dette tenkt løyst i fellesskap, noko som inneber ei oppgradering av dagens avløp frå gnr. 24 bnr. 23. Det vert dessutan lagt til rette for seinare tilknytning til offentleg avløpsanlegg når dette kjem på plass.

I samband med rammeløyvesøknad, som følgde dispensasjonssøknaden, kom det inn ein merknad som går på byggeavstand til nabogrense. Ein vil med dette understreke at ein i dispensasjonssaka berre tek stilling til «frigjeving» av tomte og at huset si konkrete plassering på tomte ikkje er tema no.

Tiltaket ligg i all hovudsak i eit område som i kommuneplanen er vist som byggeområde med plankrav, men ei mindre «stripe» i strandsona er avsett til LNF-formål. Ei frådeling vil såleis vere avhengig av ein dispensasjon både frå plankravet og arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Det kan for øvrig nemnast at i justert forslag til kommuneplan, som no ligg ute til offentleg ettersyn, er heile det aktuelle arealet vist til byggeformål. I tillegg til dette gjer sjølvstilt nærleiken til sjøen at tiltaket også vil vere avhengig av dispensasjon frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL § 1-8. Som nemnt ovanfor er for øvrig tomte no friggitt i høve kulturminnelova.

Med tilvising til merknadane frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen så er ein sjølvstilt heilt innforstått med at dei statlege retningslinene for differensiert forvaltning av strandsona skal leggest til grunn. Kommunen er naturleg nok også fullt ut samd i at arealbruken som hovudregel skal styrast gjennom kommuneplan og reguleringsplanar. Kommunen er imidlertid ikkje samd i dei konkrete konklusjonane som Fylkesmannen og Fylkeskommunen trekkjer i den her konkrete saka. For den delen av Nærøya som denne saka gjeld, så er det her tilnærma fullt utbygt og omsøkte tiltak representerar einaste attverande fortetningsmulegheit.

Frå kommunen si side kan det i ein slik samanheng kanskje takast sjølvkritikk på at ein gjennom tidlegare utbyggingar i området ikkje har sikra eit breiare «belte» i strandsona. Dagens status kan ein imidlertid ikkje gjere så mykje med og ein meiner også at omsøkte tiltak ikkje vil endre dette nemneverdig. Gnr. 24 bnr. 23 er ei stor bustadtomt som går heilt ned til strandlina og området er såleis i utgangspunktet privatisert. Terrengmessige forhold gjer også at området i praksis ikkje er tilgjengeleg frå nordsida (frå vegen). Tiltaket representerar såleis ingen ytterlegare innskrenking når det gjeld ålmenn tilgjenge til strandareal.

Slik tiltaket vert presentert vil det med eitt unntak heller ikkje føre til inngrep i eksisterande strandline. Unntaket gjeld indre del av ei trang bukt som etter søkjaren sine opplysningar fungerer som eit «oppsamlingsområde» for avfall. Med bakgrunn i dei erfaringar som vart gjort under oljevernaksjonen etter Arisan, så kan kommunen stadfeste at bukta har ein slik funksjon. Tiltaket vil såleis ikkje innebere inngrep som påverkar det visuelle inntrykket av strandlina langs Straumane. Med tilvising til det som er opplyst om bukta ovanfor, vil heller ikkje tiltaket ha noko innverknad på straumgjennomgangen i Straumane og vil på denne bakgrunn ikkje innebere nokon fare for skade på den prioriterte naturtypen (undervasseng) som vist til i uttalen frå Fylkesmannen. Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10.

Når det gjeld spørsmålet som Fylkeskommunen stiller om alternative byggeklare tomter i nærområdet så er det rett at eit område på nordsida av kommunevegen er under regulering til bustadformål, men denne planen er enno ikkje godkjend og det vil nok ta ganske lang tid før det her kan tilbydast bustadtomter. Det foreligg såleis ikkje alternativt tilgjengeleg byggeareal i dette nærområdet og spesielt ikkje som i dette tilfelle når det er knytta til ei fortetting med utgangspunkt i ein konkret eigedom.

Basert på dei vurderingane som er gjort ovanfor og knytta konkret opp mot det her aktuelle tiltaket er det såleis rådmannen sitt syn at omsøkte dispensasjon korkje vil tilsidesette dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene og rådmannen konkluderar med å tilrå dispensasjon som omsøkt og på vilkår som nemnt ovanfor.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket har ingen konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 26.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr. 24

Bnr. 23

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Vi ønsker å dele eigedomen vår på Nærøya med tanke på å legge tilrette for ei ny bustadtomt. Samstundes vil ei slik deling åpne for oppgradering av det eksisterande gamle bustadhuset. Vi vil bruke same avkøyrsløse frå vegen, men oppgradere vass og avløpsforhold til tidsmessig standard. Vi vil utforme/oppgradere både nytt og gammalt hus ved hjelp av arkitekt for å sikre høg kvalitet og god tilpassing i landskapet.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Plan og bygningslova §1-8 og frå plankravet i kommuneplanen.

Grunngjeving:

Sjå vedlegg nr. 1

Varsling av naboar/gjenbuvarar vedlegg nr.:

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.:

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn Otto Voldsund

Adresse Skjeneholen 16

Postnr. 4313

Postadr. Sandnes

Telefon 51688596

Mobiltlf. 47800469

Dato:

signatur

Skriv ut

Vedlegg nr 1:

Grunngjeving søknad om dispensasjon

Eg (Otto) bur i dag i Sandnes, men har sterk tilknytning til eigedomen der eg er oppvaksen. Eg har difor sterk motivasjon for å behalde og utvikle området på ein god måte. Bakgrunnen for ønsket om å dele eigedomen er at vi vil selge den eine delen slik at eit familiemedlem kan etablere seg der, samstundes som vi sjølve får ein tidsmessig bustad. Slik blir det plass til to barnefamilier, noko som skulle passe godt til Herøy kommune sitt mål om vekst i folketalet.

Området er allereie sett av til bustadbygging og kan fortettast. Ei deling vil ikkje auke tale på avkøyrslar. I samarbeid med anleggs- og driftsavdelinga i kommunen har vi laga eit forslag med eit felles trafikkområde inne på tomte og felles avkøyrslar til den kommunale vegen, som er ein blindveg, og såleis trafikksikker.


Avløpsløyvinga er frå byggeåret i 1953 og tilfører sjøen større utslepp enn ei moderne løysing som vi planlegg for begge bueiningane.

I den planlagde delinga tek vi omsyn til uteområde, leikeområde og tilgangen til sjøen ved å trekke nybygget mot nord.

For å kome så langt frå sjøen som råd er nybygget planlagt som eit heller lite, men arealeffektivt hus. Ved å legge garasje parallellt og integrert, kan huset trekkast maksimalt tilbake frå strandlinja. Utbygginga sanerer også ei lita vik som er eit lokalt "problemområde" for oppsamling av avfall, her rak det tildømes i land fleire kubikkmeter tungolje frå "Arisan" for nokre år tilbake.


Denne eigedomen har sidan 1953 framstått med hagen som går heilt ned til sjøen, eit nybygg vil såleis ikkje verke ytterlegare privatiserande, men vil utnytte at det allereie er eit bebygd område. I seinare tid er det også bygd nærare sjøen både nord og sør for det som fram til 90-talet var eit hus for seg sjølv.

Vi vil sikre høg kvalitet både på plassering og formgjeving og har difor engasjert arkitekt, blant anna for å auke den visuelle verdien for sjøfarande i Straumen, og for å lage vår «draumeplass».



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen
Ellers står ikke kommunen ansvarlig.

4/21



Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m . og lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Plass for kommunen sitt stempel

Søknaden skal sendast

Herøy kommune, PB274, 6099 FOSNAVÅG

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL § 20-1)
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf § 21-9
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikelova kap. 3 og 7 (pkt 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr	Bnr	Fnr	Seksj nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar)
24	23	00	01	OTTO VOLD SØND / RITA VEA VOLD SØND
Gnr	Bnr	Fnr	Seksj nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar)
Gnr	Bnr	Fnr	Seksj nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar)
Gnr	Bnr	Fnr	Seksj nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar)

3a. Søknaden gjeld:

3b. Rekvisisjonen gjeld:

Sakstype I og II (PBL § 20-1)	<input checked="" type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av	Sakstype III (Matrikelova)	<input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr § 34)
	<input checked="" type="checkbox"/> Ny grunneigedom		<input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr § 36)
	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom		<input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr § 31)
	<input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____		<input type="checkbox"/> Registering av uregistrert jordsameige (matrikkelforskr § 32)
	<input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema <i>Erklæring om arealoverføring</i>)		<input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf Eigarseksjon § 7 matrikkelforskr § 35)
	<input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt		
	<input type="checkbox"/> Oppretting av punkt feste		
	<input type="checkbox"/> Anna (spesifiser) _____		
	<input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)		

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr
1	1430	m ² BUSTAD	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr Bnr
2	960	m ² BUSTAD	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr Bnr
3		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr Bnr
4		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr Bnr
5		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr Bnr
6		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr Bnr

5. 1. Arealdisponering søknad i samsvar med:

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Namn på plan

5. 2. Arealdisponering/søknad om dispensasjon frå:

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan – Legg ved grunngjeving på eige ark

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 28-1

Ja Nei (Viss nei må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg)

7. Avstandar

Går det høgspant kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand m Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

Går det priv/off vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand m

8. Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrslø eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrslø frå offentleg veg (avkøyrslø og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggst ved.

Er løyve til avkøyrslø gitt? Ja Nei

9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2

Offentleg vassverk Ja Nei

Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei

Privat vassverk: Ja Nei

Privat avløpsanlegg: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggst ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggst ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl nr Forklaring _____ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

_____ Situasjonsplan,(reguleringsplan) _____ Fråsegn, samtykkje, løyve

_____ Gjenpart av nabovarsel _____ Private bruksrettar (servituttar)

_____ Dispensasjonssøknad _____ Andre vedlegg

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.


11. Andre opplysningar

12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato _____ Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)

Rekvirenten si underskrift

6.4.2013 OTTO VOLDSDUND



Adresse
SKJENEHOLEN 16

Postnr/stad
4313 SANDNES

E-postadresse
VOLDSDUND@LYSE.NET

Telefon
47800469

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato _____ Betalar sitt namn med blokkbokstavar

Betalar si underskrift

6.4.2013 OTTO VOLDSDUND



Postnr/stad
4313 SANDNES

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Søknaden gjelder

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	24	23	0	0	Nærøya, 6094 LEINØY

Tiltakets art

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Anleggstype
Rammetillatelse	Grunneiendom	X Bolig	andre

Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Telefon	e-postadresse
privatperson	Otto Voldsund	Skjeneholen 16, 4313 SANDNES	47800469	voldsund@lyse.net

Varsling

Tiltaket krever nabovarsling
Det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere

Antall
1

Søkers vurdering av merknader

Kommentarer til merknader fra Kjell-Ove Rogne:

1. Avstand fra garasje til Rogne sin eiendom ligg innanfor minsteavstandskrava for fritt-liggande garasje. Hus og garasje vil vere fysisk adskilt.
2. Planlagd utfylling i området: Det er planlagt utfylling av voren som fundament for 2/3 av garasjen. På den gjenverande 1/3 nærast sjøen vil vatnet kunne fløyte fritt inn under eit brygg-dekke av tre.
3. Trase for kloakkledning blir endra til å ikkje krysse Rogne sin eiendom.

Følgerev

Tiltakshavar har intensjon om å bygge seg eit nytt hus på Nærøya, og søker om å frådele ei tomt slik at nære slektningar kan kjøpe den andre tomta med det eksisterande husei.
Vi søker difor her om at tiltakshavar skal kunne dele opp tomt G.nr. 24/Br.nr. 23 i to ulike delar, slik at den eine tomta som inkluderer det eksisterande husei blir på 1360 m² og den nye tomta på 1030 m².

Dispensasjons-søknad er inkludert i denne søknaden.

Forhåndskonferanse

Forhåndskonferanse er avholdt

Dispensasjonsøknad

Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: Arealplaner

Begrunnelse for dispensasjon:

Gjeldande arealplan er kommuneplanen, som viser i breie penselstrøk dei gjeldande politiske intensjonar rundt arealbruk i kommuna. Desse intensjonane er ikkje testa på detaljnivå, så ein har lagt ned eit krav om reguleringsplan for handsaming og evt. godkjenning av tiltak innanfor uregulerte områder. Dette for å kunne nytte eit slikt høve til å unngå utilsikta følgjer av arealplanen for kommunen.

I dette høvet ber vi om at dette plankravet vert dispensert frå av fylgjande årsaker:

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Tilknytning til veg og ledningsnett

Adkomst

Tiltaket gir ny/endret adkomst.

Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Avkjørselstillatelse er IKKE gitt.

Vannforsyning

Tomta er tilknyttet privat vannverk

Beskrivelse av annen privat vannforsyning: Herøy Vasslag

Vanntilførsel krysser annens grunn.

Tinglyst erklæring foreligger IKKE.

Avløp

Tomta er tilknyttet offentlig avløpsanlegg

Ikke relevant

Overvann

Takvann/overvann føres til avløpssystem

Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Gjenpart av nabovarsel	C	Gjenpart nabovarsel	Ettersendes per post
Nabomerknader	C	merknad nabo Kjell Ove Rogne	Ettersendes per post
Forhåndskonferanse	J	Forh. konferanse side 1 og 2	Ettersendes per post
Annet	Q	Avtale om rettar mellom eigedomar i Herøy Kommune	Ettersendes per post
Annet	Q	Tilleggsbrev i samband med grunngjeving for dispensasjon	Ettersendes per post
Annet	Q	Grunnkart Nærøya	Ettersendes per post
Annet	Q	Pumpestasjon og septik og innteikna nytt hus	Ettersendes per post
Annet	Q	Søknad om avkørsle - herøy Kommune	Ettersendes per post
Annet	Q	Søknad om deling side 1	Ettersendes per post
Annet	Q	Søknad om deling side 2	Ettersendes per post
Annet	Q	Søknad om deling side 3	Ettersendes per post
Annet	Q	Søknad om deling side 4	Ettersendes per post
Annet	Q	Søknad om dispensasjon - kommune skjema	Ettersendes per post

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



1: Det er ei av dei siste gjenverande ubebygde tomteareala i området og problemstillingar knytte til ei utnytting allereie er gjennomgått i detalj i samband med dei andre realiserte tiltaka i området. Dette gjeld t.d. avstand til sjølinje.

2: Fortetting er ein intensjon med vaksande aktualitet som gir ein betre utnytting av eksisterande infakstruktur som skule, vegnett og teknisk infrastruktur. Dette er eit tiltak i den retning.

3: Det vil ikkje bli fleire avkøyrslar då begge dei to nye tomtene vil nytte same avkøyrslar

4: tiltaket vil utløyse færre utslepp av kloakk då septiktank vil bli nytta som mellombels løysing i påvente av permanent kommunal pumpeordning.

Arealdisponering

Planstatus mv.

Type plan	Navn på plan
Kommuneplanenes arealdel	Herøy kommuneplan arealdelen
Reguleringsformål	
Bustad	
Beregningsregel angitt i gjeldende plan	Grad av utnytting iht. gjeldende plan
%BYA	25%

Tomtearealet

Byggeområde/grunneiendom	2390,00 m ²
- Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler	0,00 m ²
= Beregnet tomteareal	2390,00 m ²

Bebyggelsen

Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan	597,50 m ²
Areal eksisterende bebyggelse	150,20 m ²
- Areal som skal rives	0,00 m ²
+ Areal ny bebyggelse	181,00 m ²
+ Parkeringsareal	57,00 m ²
= Sum areal	388,20 m ²

Grad av utnytting

Beregnet grad av utnytting	16,24
----------------------------	-------

Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje er ikke i konflikt med tiltaket.
Vann og avløpsledninger er ikke i konflikt med tiltaket.

Krav til byggegrunn

Flom

Ikke relevant

Skred

Byggverket skal IKKE plasseres i skredutsatt område

Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)

Det foreligger IKKE fare eller vesentlig ulempe som følge av andre natur- og miljøforhold.

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Annet	Q	Utvendig stoppekran og innteikna nytt hus	Ettersendes per post
Annet	Q	Vasstilkobling stadfesting Herøy Vasslag kart	Ettersendes per post
Annet	Q	Vasstilkobling stadfesting Herøy Vasslag	Ettersendes per post
Annet	Q	Tilkomst korrespondanse Jan Gjerde	Ettersendes per post
Annet	Q	Voldsund tomtedeling sitplan	Ettersendes per post
Annet	Q	Fullmakt til Bucci Arkitektur & Design AS	Ettersendes per post
Annet	Q	ROS-analyse	Ettersendes per post

Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

Ansvarlig søker

Dato 06.08.13

Signatur

Iver Olaf Grimstad

Gjentas med blokkbokstaver

Iver-Olaf Grimstad

Tiltakshaver


Dato 06.08.13


Signatur

Iver Olaf Grimstad

Gjentas med blokkbokstaver

Iver-Olaf Grimstad





Prosjektnr:
175.01

Prosjektnavn:
VOLDSUND OTTO & RITA

Tegning:
SITPLAN

Målestokk:
1:500

Dato:
01.07.13

arkitektur &
design



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/108	Saksbeh. HK
21 OKT. 2013	
Ark.kode P	24/23
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 5
Kassasjon	

Herøy kommune.

Frådeling av bustadtomt gnr24 bnr23 - Rita Vea Voldsund. Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Den næraste sona langs sjøen i det omsøkte området er avsett til LNF-formål i kommuneplanen. Dei bakanforliggende områda er bustadområde med krav om reguleringsplan. Frådeling og oppføring av bustad her vil både vere i strid med kommuneplanen og strandsonevernet i plan- og bygningslova § 1-8.

Natur- og miljøverninteresser

I følgje søknaden vil det nye bustadhuset delvis bli plassert på fylling i sjøen. I Miljødirektoratet sin Naturbase er sjøområdet her av den prioriterte naturtypen *undervasseng*. Denne typen grunne sjøområde med undervassenger og tidevasstraumar har ein viktig marinbiologisk funksjon. Naturtypelokaliteten i Straumane er forholdsvis stor, og er i denne samanhengen sjeldsynt.

Naturmangfaldlova

Vi vil minne om naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av saksutgreiinga korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.

Strandsona

Heile 100-metersbeltet langs sjøen er i utgangspunktet definert som eit område av nasjonal interesse med bygge- og deleforbod (jf. plan- og bygningslova § 1-8). Bakgrunnen for dette forbodet er at den nære strandsona normalt bør haldast fri for bebyggelse ut frå ålmenta sine interesser og av landskaps- og naturfaglege omsyn. Fylkesmannen viser til dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. I retningslinjene står det at byggeforbodet i pbl § 1-8 som hovuddregel skal praktiseras strengt. Planretningslinjene skal leggest til grunn ved handsaminga av søknaden.

I Stortingsmelding nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand, blir det påpeika at byggeforbodet i strandsona i utgangspunktet skal handhevast strengt.

Der det likevel er aktuelt med utbygging, skal dette skje etter bevisst og langsiktig planlegging og ikkje på grunnlag av enkeltvise dispensasjonar for tiltak.

Vurdering

På denne delen av Nærøya er det bygd ei rekkje sjønære bustader, og området er attraktivt for vidare bustadbygging. Eit nytt bustadhus på den omsøkte staden, inneberer ei fortetting av etablert bustadfelt ved å bygge ned attverande strandsone. Det er lite tilgjengeleg strandsoneareal att i tilknytning til bustadfeltet, og det kviler difor eit ekstra ansvar på kommunen å syte for å sikre tilgjengelege strandområde til felles bruk for ålmenta. Dette vil best kunne løysast gjennom bruk av reguleringsplan, og ikkje som tilfeldige løyve gjennom dispensasjonar. Eit positivt vedtak i saka vil kunne medføre presedens og bidra til å undergrave kommuneplanen som styringsverky for bruk og vern av areala. Vi rår følgjeleg frå søknaden.

Konklusjon

Fylkesmannen rår ut i frå strandsoneinteressene i frå søknaden, og varslar at vi vil vurdere å påklage eit positivt vedtak i saka.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
seksjonssjef

Astrid Buset

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/108	Saksbeh. HK
17 OKT, 2013	
Ark.kode P	24/23
Ark.kode S	
J.nr.	17.10.13
Kassasjon	6



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/108	02.09.2013	53905/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	17.10.2013

Herøy kommune - frådeling av bustadtomt gbnr 24/23 - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

I området like aust for tomta er det funne fleire steinalderbuplassar (id 141384, 141385, 141386, 141387 og 143294), samt eit gravminne frå jernalderen (id 45874). Tomta har difor eit høgt potensial for funn av ikkje kjende automatisk freda kulturminne, særleg frå steinalderen. Vi ønskjer derfor å gjennomføre ei arkeologisk synfaring/registrering. Søkar vil ikkje bli belasta med utgifter, ettersom dette er å rekne som eit mindre privat tiltak, men vi gjer merksam på at det ikkje kan fattast vedtak i saka før synfaring/registrering er gjennomført og området eventuelt er frigitt etter kulturminnelova.

Planfagleg vurdering

Frådelinga er vurdert å vere i strid med Rikspolitiske retningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning, og positivt vedtak i saka vil bli vurdert påklaga. Planlagt tiltak ligg i bustadnær strandsone, er i dag tilgjengeleg per definisjon og tiltaket vil medføre total privatisering av det omsøkte arealet. Slik vi forstår regulerings situasjonen i kommunen er det tilgjengelig alternativt og byggeklart areal, og det må difor gjerast meir utførlig greie for det konkrete behovet for å nytte strandsone til bustadareal.

Bruk av strandsona må avklarast gjennom kommuneplana som er under revisjon. Under gjennomgang av framlegg til ny kommuneplan (arealdel) i regionalt planforum 28. august 2013, blei det klart at slik avklaring ikkje er gjort der. Vi vil difor nytte kommuneplanprosessen til å avklare dei overordna rammene for bygging i strandsona i Herøy.

I denne saka meiner vi at frådeling set omsynet bak byggeforbodet i strandsona vesentleg til sides, og at det i tillegg er betydelege ulemper (presedens) knytt til frådeling og bygging som omsøkt.

Konklusjon

Vi rår sterkt i frå omsøkt tiltak og vil vurdere å påklage positivt vedtak i saka. Før det i noko fall kan fattast positivt vedtak i saka, må det uavhengig av dette, gjennomførast ei arkeologisk registrering etter kulturminnelova.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli utsendt i papir.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
ass. fylkesplansjef

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Kristoffer Dahle

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

FW: Frådeling Herøy, gbnr 24/23 (53905/2013)

postmottak


Sendt: 22. november 2013 10:51**Til:** Arkiv

Helsing

HERØY KOMMUNE
Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh. <i>HR</i>
25 NOV. 2013	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Kristoffer Dahle [<mailto:Kristoffer.Dahle@mrfylke.no>]

Sendt: 22. november 2013 10:15

Til: postmottak

Kopi: Dokpost; Otto Voldsund

Emne: Frådeling Herøy, gbnr 24/23 (53905/2013)


Hei,

Vi viser til vår fråsegn ang. frådeling på gbnr 24/23 i Herøy kommune.

Vi har no vore på synfaring på eigedomen. Det blei gjort to prøvestikk, men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne blei rekna for å vere lågt. Vi har difor ingen merknader til frådelinga ut frå omsynet til kulturminne.

med vennlig helsing

Kristoffer Dahle



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2013/108

Arkivkode
24/23

Dato
25.10.2013

RITA VEA VOLDSUND 24/23 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV BUSTADTOMT. UTTALE.


Den planlagde bustadeigedomen er tenkt å ha tilkomst frå kommunal veg i fellesskap med eksisterande bustadeigedom. Dette vurderer ein å vere ei god løysing.

Eigedomen må tilknytast kommunalt avløpssystem som skal utbyggast i området. Praksisen ved tilknytning er at eigar av eigedom/ eigedomar sjølv opparbeider og kostar interne leidningssystem på eigedomen samt privat leidning til og med tilkoplingspunktet på den kommunale leidningen.

Anleggs- og driftsavdelinga vil imidlertid påpeike at det ved ei evt. utbygging ikkje må foretakast utfylling i sjø som kan medverke til å innskrenke/ hindre gjennomstrøyminga av sjø gjennom Straumane.

Utover ovannemnde har ikkje Anleggs- og driftsavdelinga øvrige merknader til søknaden.


Med helsing.


Jan Reidar Gjerde

Fra: Hallvard Rusten
Sendt: 25. november 2013 15:46
Til: Otto Voldsund
Kopi: Arkiv; Jarl Martin Møller
Emne: SV: Frådeling gnr 24 bnr 23

E-posten er motteken!

Med helsing
Hallvard Rusten

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh. HR
26 NOV. 2013	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Fra: Otto Voldsund [mailto:voldsund@lyse.net]
Sendt: 25. november 2013 10:06
Til: Hallvard Rusten
Emne: VS: Frådeling gnr 24 bnr 23

Hei.

Som eg avtalte har eg tatt kontakt med Fylkeskommunen ang. merknad om automatisk freda kulturminne. I sist veke var Kristoffer Dahle på tomta og gjorde prøvestikk. Konklusjonen er at det er lite sannsynleg med funn, og at saka er avslutta. Det har han sendt opplysningar om i ein eigen e-post til Herøy kommune.

I samarbeid med Georg Grimstad har vi laga ei argumentasjonsrekke i forhold til fråsegn frå fylkeskommune og fylkesmann:

Fylket seier:

1. Automatisk freda kulturminne? Dette er 1. avsnitt og såleis fylket sitt sterkaste kort.
- Vi ser der slik at dette omsynet ikkje er relevant lenger då nødvendige registreringar ikkje har avdekkja signifikante funn og fylket dermed har frigitt området med omsyn til arkeologisk verdi.
2. Strandsoneforvaltningsretningsliner tilseier at eit positivt vedtak vil bli vurdert påklaga.
- «Vurdert» er stikkordet. Her er det tvil og forhandlingsrom.
- tilgjengelegheit til strandsona i dette området blir ikkje vesentleg endra, tvert i mot blir det råd å ferdast forbi «voren» til fots, noko ein ikkje kan i dag.
- Grad av privatisering blir ikkje vesentleg endra då området har vore innegjerda sidan sekstialet. Dette kan sågar lempast på i samband med gjennomføring av tiltaket.
- Anna tilgjengeleg byggeareal finnest kanskje, men kommunen har i heile dette området vist vilje til at ei fortetta bustadfelt blei etablert. Slike problemstillingar som vert reist her skal ein vurdere og deretter konkludere på før det fyrste huset, og ikkje før det siste...
Presedens i denne samanheng er allereie etablert og blir med dette tiltaket lukka.
3. Tiltaket er ikkje i strid med kommuneplanen, den viser område for bustadbygging.
4. Natur- og miljøverninteresser – I denne saka snakkar vi om ei evt. Utfylling i storleiksorden 5-10m2 innerst i «voren» under deler av den planlagde garasjen. Huset ligg i si heilheit godt inne på landjorda. Ein tenkjer seg ei fundamentering av garasjen på betongveggar forankra i berget på begge langsider så om det er naudsynt kan dette arealet for utfylling bevarast slik det er.

Konklusjon: Fylket har eit ansvar i forvaltning av felles natur-/kulturressursar som kommunene i sin iver etter å legge til rette for utvikling og trivsel ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til. I dette tilfellet har kommuna eit bevisst forhold til slik forvaltning. Herøy har nesten berre strandnære areal høvelege til å bygge på grunna topografien. Resten er fjell. Å samle fortetta bustadområde slik dei her har gjort Bidreg til å kunne halde mest mogeleg av det resterande arealet fritt. Nyleg etablert/oppgradert infrastruktur i området (vegar, kloakkledning, ny skule m.m.) tilseier at fortetting bør skje her.

Det er fint om du kan stadfeste at du har fått e-posten. Du må gjerne ta kontakt dersom du treng fleire opplysningar.



 **HERØY KOMMUNE**
02.09.2013 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet




LOKALISERING AV TILTAKET



Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 368/13 Herøy Byggsenter AS 30/113 - Løyve til oppføring av 3 stk carportar m/bod

18.11.2013 00:00:00 Herøy Byggsenter AS

DS 369/13 Robert Hugo Brandal 76/99 - Løyve til fasadendring og oppføring av veranda på bustadhus og garasje 18.11.2013 00:00:00 Robert Hugo Brandal

DS 370/13 Roar Helge Voldsund 21/28 - Løyve til oppføring av garasje/reiskapsbod. 19.11.2013 00:00:00 Roar Helge Volsund

DS 371/13 Rem Marine AS 38/78 - Løyve til ombygging av eksisterande sjøhus 21.11.2013 00:00:00 Ravi Desgin v/ Arkitekt Ivar Sulebakk

DS 372/13 Ståle Garnes 48/80 - Ferdigattest for takoverbygg/carport 26.11.2013 00:00:00 Ståle Garnes

DS 373/13 Jeanett Isabell S. og Kjell Arne Voldnes 87/11,12 -

Igangsettingsløyve for tilbygg og garasje 20.11.2013 00:00:00 Ravi Design v/ Ivar Sulebakk

DS 374/13 Belinda og Marvin Strand 36/97 seksjon 2 - Endring av tidlegare løyve til tiltak 19.11.2013 00:00:00 Bygg & System AS

DS 375/13 Knut Tandberg 79/107 - Ferdigattest for takoverbygg veranda 19.11.2013 00:00:00 Knut Tandberg

DS 376/13 Statens Vegvesen - 26/61 - Riving av bustadhus 22.11.2013 00:00:00 Møre Miljøsanering as, V Espen Høidal

DS 377/13 Sporstøl Bilverksted AS 45/56 - Rammeløyve for oppføring av ny bilverkstad 23.11.2013 00:00:00 Sporstøl Arkitekter AS

DS 378/13 Håvard Garvik Rødseth 31/137 - Ferdigattest for oppføring av garasje 23.11.2013 00:00:00 Håvard Garvik Rødseth

DS 379/13 Jan Tore Madsen 4/250 - Løyve til oppføring av naust og landfeste

for flytebrygge 25.11.2013 00:00:00 Jan Tore Madsen

DS 380/13 Vibeke og Per Odd Kvalsund 4/312 - Endring av løyve - skifte av
ansvarsforhold i byggesak 28.11.2013 00:00:00 Ravi Design v/ Ivar Sulebakk

DS 381/13 Gnr 83 Bnr 8 - Frådeling av 2 nausttomter 04.12.2013 00:00:00
Solhild Båtsvik Solbakken og Steinar Solbakken

DS 382/13 Rosann Voldnes - 79/4 - Vinterhage/Utestove 02.12.2013 00:00:00
Rosann Voldnes

DS 383/13 Herøy Byggsenter as - 30/122 - Igangsetting grunnarbeid
22.11.2013 00:00:00 Herøy Byggsenter as

DS 384/13 Vegard Sævik/Johanne Leine Sævik 26/207 - Rammeløyve for nytt
bustadhus 23.11.2013 00:00:00 Bucci Arkitektur & Design AS

DS 385/13 Fredrik Hagemann 40/1 - Rammeløyve for riving av eksisterande
bustadhus og oppføring av nytt 19.11.2013 00:00:00 Ravi Design v/ Arkitekt
Ivar Sulebakk

DS 386/13 Jostein Storøy - 51/1 - Bruksendring 13.11.2013 00:00:00
Sivilarkitekt Svein Ole Storøy

DS 387/13 Stemmedalen Vasslag SA -48/16 - Legging av ny vassledning
18.11.2013 00:00:00 Asplan Viak as

DS 388/13 Ørsta Byggservice as - 12/309 - Tomannsbustad 22.11.2013
00:00:00 Ørsta Byggservice as

DS 389/13 Ferdigattest - 11/105 20.11.2013 00:00:00 Kjell R Straume

DS 390/13 Helge Voldsund - 13/5 - Naust 18.11.2013 00:00:00 Helge
Voldsund

DS 391/13 Huldal barnehage SA 34/508,365 - Mellombels bruksløyve deler av
nytt tilbygg 23.11.2013 00:00:00 Kvadratbygg AS

DS 392/13 Gnr 36 Bnr 2 - Frådeling av to bustadtomter 04.12.2013 00:00:00

Kjartan Paulsen

DS 393/13 Mia Vike og Runar Bøe 20/62 - Mellombels bruksløyve for
bustadhus 20.11.2013 00:00:00 Kvadratbygg AS


Referatsaker

Referatsaker

Møtekalendar 2014

Januar 2014								Februar 2014								Mars 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø	Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø	Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
1			1	2	3	4	5	5						1	2	9						1	2
2	6	7	8	9	10	11	12	6	3	4	5	6	7	8	9	10	3	4	5	6	7	8	9
3	13	14	15	16	17	18	19	7	10	11	12	13	14	15	16	11	10	11	12	13	14	15	16
4	20	21	22	23	24	25	26	8	17	18	19	20	21	22	23	12	17	18	19	20	21	22	23
5	27	28	29	30	31			9	24	25	26	27	28			13	24	25	26	27	28	29	30
																14	31						
April 2014								Mai 2014								Juni 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø	Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø	Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
14		1	2	3	4	5	6	18				1	2	3	4	22							1
15	7	8	9	10	11	12	13	19	5	6	7	8	9	10	11	23	2	3	4	5	6	7	8
16	14	15	16	17	18	19	20	20	12	13	14	15	16	17	18	24	9	10	11	12	13	14	15
17	21	22	23	24	25	26	27	21	19	20	21	22	23	24	25	25	16	17	18	19	20	21	22
18	28	29	30					22	26	27	28	29	30	31		26	23	24	25	26	27	28	29
																27	30						
Juli 2014								August 2014								September 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø	Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø	Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
27		1	2	3	4	5	6	31					1	2	3	36	1	2	3	4	5	6	7
28	7	8	9	10	11	12	13	32	4	5	6	7	8	9	10	37	8	9	10	11	12	13	14
29	14	15	16	17	18	19	20	33	11	12	13	14	15	16	17	38	15	16	17	18	19	20	21
30	21	22	23	24	25	26	27	34	18	19	20	21	22	23	24	39	22	23	24	25	26	27	28
31	28	29	30	31				35	25	26	27	28	29	30	31	40	29	30					
Oktober 2014								November 2014								Desember 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø	Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø	Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
40			1	2	3	4	5	44						1	2	49	1	2	3	4	5	6	7
41	6	7	8	9	10	11	12	45	3	4	5	6	7	8	9	50	8	9	10	11	12	13	14
42	13	14	15	16	17	18	19	46	10	11	12	13	14	15	16	51	15	16	17	18	19	20	21
43	20	21	22	23	24	25	26	47	17	18	19	20	21	22	23	52	22	23	24	25	26	27	28
44	27	28	29	30	31			48	24	25	26	27	28	29	30	1	29	30	31				

Formannskapsmøte
Kommunestyremøte



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE
UTVIKLINGSAVDELINGA

Grunneigarar, offentleg mynde
lag og organisasjonar

Fosnavåg, des.2013

VARSEL OM OPPSTART AV OFFENTLEG PLANARBEID –

«Detaljreguleringsplan for gnr. 60 bnr. 35 m.fl Myrabakken – bustadfelt»



Lokalisering av planområdet

DETALJREGULERINGSPLAN PBL § 12-3

MOLTUSTRANDA i HERØY KOMMUNE

Planarbeid

I samsvar med § 12-8 i Plan- og bygningslova (27.06.2008) vert det med dette varsla oppstart av offentleg planarbeid. Denne varslinga rettar seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Planområdet

Tiltaket gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område på Moltustranda i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag 58,5 daa. Plangrensa for området i nord vil bli tilpassa i løpet av planprosessen som følgje av det pågåande reguleringsplanarbeidet for ny gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 gjennom bygda og arbeidet med å finne ei ny framtidsretta løysing for Nygjerdevegen som samleveg.



Føremålet med planarbeidet

Ein ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for nye byggjeklare bustadtomter, med tilhøyrande infrastruktur og naudsynt leikeareal innanfor planområdet.


Plangrepet må her sjåast på som ei fortetting av allereie utbygde bustadområde på Moltustranda, og reguleringsarbeidet vil såleis vere ei utnytting av ledige areal til bustadformål innanfor grensene fastsett i kommuneplanens arealdel frå 2004.

Formannskapet har i tidlegare vedtak gjeve rådmannen i oppgåve å starte reguleringsarbeid for nye bustadfelt på Moltu, og administrasjonen har over ei lengre periode vore i dialog med aktuelle grunneigarar for erverv av naudsynt areal til bustadformål og infrastruktur i området. Ein har no kome til semje med grunneigarar om avtalar for kjøp av areal som gir kommunen grunnlag for å starte opp prosessen med utarbeiding av reguleringsplan for eit avgrensa område på Moltustranda.

Reguleringsplanen skal danne grunnlaget for ei seinare utbygging av infrastruktur i området og skape ny byggjeklare kommunale bustadtomter sentralt på Moltustranda.

Gjeldande planstatus for området

Det er ikkje gjeldande reguleringsplanar innanfor aktuell plangrense.



Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2004 er bustadformål med krav om reguleringsplan før utbygging (plankrav). Dette krev at det skal utarbeidast reguleringsplan for større byggje- og anleggstiltak innanfor nærare bestemte områder.

Reguleringsplanar i området (gjeldande)

Det er ikkje andre godkjende reguleringsplanar i området som vert råka av dette planarbeidet. Det pågår ein prosess med utarbeiding av reguleringsplan for bygging av ny gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 gjennom Moltustranda. Denne planen vil ha relevans for dette planarbeidet.

Planprogram og konsekvensutgreiing (KU)

Planområdet ligg innanfor grensa for bustadområde i kommuneplanens arealdel frå 2004. Det aktuelle tiltaket med tiltenkte formål er difor i tråd med overordna arealplan. Planarbeidet er også vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Herøy kommune har konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Ein vurderer planarbeidet til ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn at det skal vere naudsynt med KU-vurderingar utover det som er tenkt i planomtalen. Ein er ikkje kjend med at det er registrert automatisk freda kulturminner innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet.

Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, vil ein gå gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.


Aktuelle arealformål og hovudprinsipp for planarbeidet

- Frittliggjande småhusbebyggelse (FS)
- Konsentrert småhusbebyggelse (KS)
- Leikeareal (L)
- Køyreveg (V)
- Annan veggrunn (AVG)
- Parkering (P)
- Gangveg og fortau (GV og F)
- Grønstruktur (FRI)

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner.

For bustadareala ser ein føre seg å regulere areala slik at det blir lagt til rette for eit variert bustadtilbod – med både tomte for einebustader (FS-areal) og fleirmannsbustader (KS-areal). Det vil vidare bli lagt til rette for leikeplassar som arena for barn- og unge sine interesser, men også vil dette vere sosiale møtestader for bustadfeltet.

For infrastrukturen ser ein føre seg eit hovudprinsipp med ein gjennomgåande samleveg, med tilhøyrande tilkomstvegar / bustadvegar til ei ulike tomtene. Det vil bli lagt til rette for bygging av fortau og areal til oppføring gatelys i området. Som ein del av planarbeidet vil ein også legge vekt på å løysingar som kan forbetre infrastrukturen for allereie etablerte bustader i området.



Prinsippkisse - framtidig arealutnytting i planområdet (raude linjer viser nye vegar)

Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil i løpet av planprosessen få moglegheiter til å medverke i

planarbeidet. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet, må sende desse innspela skriftleg til Herøy kommune innanfor dei fristane som blir opplyst ved kunngjering. Innspela vil bli behandla av kommunen som ein del av planforslaget til politisk behandling. Det er tidlegare gjennomført eit ope informasjons- og medverknadsmøte i høve arbeidet med nytt byggefelt på Moltustranda.

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Utviklingsavdelinga (fagavdeling for planarbeid) i Herøy kommune. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3, og vil innehalde eit plankart, reguleringsføresegner og planomtale med vedlegg. Plandokumenta vil bli tilgjengelege elektronisk i etterkant av Formannskapet sitt vedtak om offentleg ettersyn / høyring. Dokumenta vil også kunne sjåast i papirformat ved Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus og ved Coop Marknad Moltu.

Dersom du har innspel til planarbeidet skal desse vere skriftlege og sendast til:

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

eller på e-post til: postmottak@heroy.kommune.no

Merk innspelet med tittelen; «**Detaljregulering for Myrabakken bustadfelt**»

Frist for innspel: **24.01.2014**

Spørsmål til planarbeidet skal rettast til underteikna

Med helsing

Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar
Tlf: 70081368

Vedlegg: Kart (A3-format) med plangrense i målestokk 1:1500





Adresseliste

Saksnr 2013/554	Arkiv L12	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar UTV / AZT	Dato 25.11.2013
--------------------	--------------	------------	---------------------------------	--------------------

DETALJREGULERINGSPLAN FOR PLANFRI KRYSSING AV FYLKESVEG 654 I «KOPPEN» - OFFENTLEG ETTERSYN

Formannskapet har i møte av 19.11.2013, F-sak 191/13, valt å legge forslag til detaljreguleringsplan for planfri kryssing av Fylkesveg 654 i «Koppen» ut til offentlig ettersyn i 6 veker.

Planområdet er om lag 9,3 daa, og har som formål å regulere naudsynt areal for bygging av ny undergang i området. Arealbruken i området er avgrensa til to plankart for ulike vertikalnivå. Det er i plan regulert eksisterande areal til køyreveg, gang- og sykkelveg og sideareal til grøfter og terrengutslag (annan veggrunn) over bakkenivå. Under bakkenivå er det regulert naudsynt areal til for gjennomføring av tiltaket.

Forslag til reguleringsplan vil her vere tilgjengeleg i perioden 29.11- 13.01.2014, og vil ligge som eigen perm i Servicetorget 1.etg på Herøy rådhus i same periode. Grunneigarar og naboar vil få plandokumenta tilsendt direkte i posten. Statleg, regionalt og kommunalt mynde vil her bli varsla i eige skriv.

Ein ber om at evt merknader, synspunkt eller innspel som kan ha relevans for planarbeidet blir sendt i e-post til: postmottak@heroy.kommune.no med tittelen; «*Innspel til planforslag for planfri kryssing i Koppen*». Frist for å kome med innspel til planarbeidet vert sett til:

13.01.2014.

Dersom du har konkrete spørsmål til planforslaget kan du ta kontakt med planleggar; Aleksander Zahl Tarberg (Tlf 700 81 300). Plandokumenta følgjer som vedlegg til dette brevet.

Med helsing

Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar



NOTAT

Til: Maritim og teknisk komite

Frå: Rådmannen

Saksnr
2013/1383

Arkivkode
P42

Dato
21.11.2013

ØNSKJE OM SKILT SOM VISER MAKS. FART 5 KNOP FOR BÅTTRAFIKK GJENNOM STRAUMANE. ORIENTERING VEDKOMANDE PROSEDYRE FOR ETABLERING/ OPPSETTING AV SKILT.

Ein har over tid registrert at båtar som ferdast gjennom Straumane generelt held alt for stor fart. Dette medverkar til svekka sikkerheit for dei som ferdast på og ved sjøen i området.

MTK bad i medhald av dette 27.08.2013 om å få framlagt ei sak som grunnlag for vedtak om ei fartsavgrensing på 5 knop med tilhøyrande skilting for båttrafikken gjennom leia i Straumane.

Ein har vore i kontakt med Kystverket for å få opplyst kva prosess/ prosedyre som gjeld for å kunne gjere vedtak om slik fartsavgrensing. Følgjande gjeld:

Fartsavgrensing innanfor kommunen sitt sjøområde ved bruk av skilt som viser maks. antall knop, kan berre gjerast med bakgrunn i lokal forskrift om fartsavgrensingar. For å kunne etablere og skilte for ei fartsavgrensing slik utvalet ønskjer, må det derfor

- Utarbeidast lokal forskrift om fartsavgrensingar innanfor kommunen sitt sjøområde.
- Forskrifta må leggjast ut til høyring og fastsettast av kommunestyret. Vidare skal forskrifta godkjennast av kystverket sitt hovedkontor før den kan settast i verk.
- Forskrifta skal vidare kunngjerast i «Norsk Lovtidend» og «Etterretninger for Sjøfarende».
- Kystverket sitt hovedkontor fastset skiltutforming og godkjenner plasseringa.
- Kommunen har ansvar for sjølve skiltoppsettinga og vedlikehaldet av desse.

Ein vil med bakgrunn i ovannemnde starte opp nødvendig forskriftsarbeid.

Fosnavåg, 21.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar